

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Sigurd Aukland
Arkivsaksnr.: 17/1591 - 4

Arkiv: 144 A

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

IKT-PLAN FOR BARNEHAGANE OG SKULANE 2017 - 2022

Bakgrunn for saka:

Barnehage og skule skal rusta barn og unge for framtida. Å ha digital kompetanse vil vera naudsynt både som privatperson, i arbeidslivet og som samfunnsborgar.

Den digitale kompetansen omfattar ikkje berre å kunne bruka program og verktøy, men også å ha god digital dømekraft. Kritisk dømekraft er naudsynt for å unngå misbruk, men også for å tolka informasjonsstraumen i den digitale verda.

Den nye ikt-planen for barnehagar og skular i Klepp omfattar desse ulike sidene. Planen inneheld tre hovudområde

- mål og innhald for barn og unge si digitale læring
- strategiar for kompetanse hos tilsette
- utrulling og investering for maskinvare/læringsbrett

Endringane skjer hurtig på det digitale området. Nå har snart kvar elev i Jærskulen sitt eige læringsbrett. Det var nok utenkjeleg for få år sidan. Å planleggja for dette området kan derfor ikkje gjerast langsiktig. Dermed kan det henda at kommunalsjefen tek initiativ til revidering før planperioden er omme.

Jærkommunane satsar stort på å sikra barn og unge digital kompetanse. Også i Klepp har denne satsinga fått mykje merksemd. Erfaringane frå både elevar, foreldre og tilsette er så langt i all hovudsak positive. Det er å håpa at denne ikt-planen sikrar kontinuitet i satsinga og på sikt gir barn og unge både meir motivasjon og meir læring, i tillegg til å skapa ein endå meir moderne Klepp-skule.

Vurdering:

Kommunalsjefen sende planen ut til høyring 22. august, både til barnehagane, skulane, rådsorgana og fagorganisasjonane. Og det er kome heller få innspel til planen, faktisk berre to. Samarbeidsutvala ved Bore barnehage og Orre skule har kome med uttale.

Samarbeidsutvalet ved Bore barnehage (sak 4 i møtet 301.10) synest planen «er informativ og grei» og er nøgd med at barna «skal oppleve og gjera erfaringar med ikt som kjelde til leik, undring og utforsking». Samstundes håpar samarbeidsutvalet at budsjettet til barnehagen blir auka for å ta høgde for programvare og lisensar.

Samarbeidsutvalet ved Orre skule (sak 43 i møtet 02.10) har to viktige innspel.

For det første peikar elevrådet på at «det er for tidleg å starte med læringsbrett i slutten av barnehagen og i første klasse. Elevrådet meiner dei yngste elevane/barna heller burde bruke meir tid på leik og å vere ute». Vidare peikar elevrådet på at «det er viktig ar elevane får utvikle ei god handskrift i starten av skulen».

Rådmannen set stor pris på innspela frå elevrådet. Samstundes er det ikkje noko motsetnad mellom å få erfaringar med læringsbrett i barnehagen og å leika mykje, vera mykje ute og å utvikla god handskrift. Tvert i mot kan læringsbrett brukast også ute, til fotografering, dokumentasjon, artsbestemming etc. Og for nokre barn gir det å kunne skriva på eit

læringsbrett ei kjensle av meistring som kan støtta opp om skiving for hand. Rådmannen vil også peika på kap 8 om «Barnehagens digitale praksis» i rammeplanen. Der heiter det m.a. at personalet skal «legge til rette for at barn utforsker, leker, lærer og selv skaper noe gjennom digitale uttrykksformer». Også under fagområdet «natur, miljø og teknologi» blir det peika på at barna i barnehagen skal få utforska muligheiter som ligg i reiskap og teknologi.

Vidare kjem samarbeidsutvalet med framlegg til korleis skulen kan gje kompetanse til foreldre, slik at dei kan støtta eigne barn i den digitale læringa. Innspelet blir støtta. Her er det viktig at FAU`a også tek initiativ og legg til rette for lærande samlingar med foreldra og skulen sine tilsette.

Det har vore kontakt med styrarane, rektorane og fagorganisasjonane for å finna ut kvifor det er kome så få innspel. Fleire (t.d. Tu barnehage, Sørhellet barnehage og Bore skule) peikar på at planen er drøfta i samarbeidsutvalet/driftsstyret, men at ein ikkje såg grunn til å koma med uttale.

Rådmannen meiner det ikkje er kome inn innspel som gir grunn til å endra på planutkastet.

Vedlegg:

- IKT-plan for etat for skule og barnehage 2017-2022
- Referat frå møte i samarbeidsutvalet i Bore barnehage 30.10.2017
- Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Orre skule 02.10.2017

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

IKT-plan for etat for skule og barnehage 2017-2022 blir godkjent.

Rådmannen i Klepp 15.11.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.